

Arkivnr: 2018/16731-1

Saksbehandlar: Eirik Knive

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		04.12.2018

Ny tilskotsordning friluftslivets ferdselsårer**Samandrag**

Fylkesrådmannen føreslår i budsjettforslaget for 2019 å etablere ei ny tilskotsordning *friluftslivets ferdselsårer* ved å slå saman to eksisterande tilskotsordningar; *tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområder* og *tilskot til skilting og merking av turløyper*.

Friluftslivets ferdselsårer er eit nytt nasjonalt prosjekt (2019-2023) som er forankra i Handlingsplan for friluftsliv (2018). Målet er at den enklaste form for friluftsliv, vandring i naturområder, skal bli lett tilgjengeleg for alle. Dette skal gjerast ved å betre kunnskapsgrunnlaget, fremje planlegging av samanhengande nettverk av friluftslivets ferdselsårer (turveggar, turstiar og turløyper) i kommunane, opparbeide og rehabiliterer ferdselsårer i friluft, og skilting og merking av desse.

Friluftslivets ferdselsårer er ei naturleg vidareføring av det gode arbeidet kommunane har gjort med kartlegging og verdsetting av friluftsområde (som vert fullført i alle kommunane i Hordaland i 2019) og det nasjonale turskiltprosjektet (2014-2018) knytt til merking og gradering av turløyper. Ved å overføre midlane frå desse to tilskotsordningane til den nye tilskotsordninga *friluftslivets ferdselsårer*, og inkludere tiltaket om teljepunkt frå tilskotsordninga *lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge*, vil dette gje ei meir heilskapleg tilnærming til dette viktige arbeidet. Tildelinga på denne tilskotsordninga vert sett i samheng med andre fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar fylkeskommunen forvaltar innan fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv. Dei fylkeskommunale midlane vil m.a. verte nytta som eigendel for å løyse ut statleg medfinansiering til satsinga.

Økonomi: Fylkesrådmannen tilrår å finansiere arbeid med friluftslivets ferdselsårer ved å slå saman dei tidlegare budsjettpostane 400.450.21 kartlegging og verdsetting av friluftsområde og 400.450.20 gradering og merking av turløyper, totalt kr 1.155.000, med atterhald om budsjettvedtak i fylkestinget 11.-12. desember 2018. Miljødirektoratet lyser i 2019 ut midlar til dette arbeidet med krav om 50% medfinansiering frå fylkeskommunane.

Klima: Tiltaka kan ha ein effekt på klima gjennom å bidra til å redusere transportbehovet med motorisert ferdsel ved auka tilrettelegging for gåande og syklende i nærområdet.

Folkehelse: Tiltaka er med å gjennomføre det overordna målet for folkehelsearbeidet i Hordaland som er å bidra til eit langsiktig og systematisk arbeid som gir fleire gode leveår, og som utjamnar sosiale helseforskjellar. Friluftslivets ferdselsårer er dei nærmiljøtiltak befolkninga nyttar mest og ønskjer å nytte meir. Tiltaket legg til rette for auka bruk av ulike typar friluftsområde til fysisk aktivitet og som sosial møteplass.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga bidreg til mål 2.2 eit inkluderande samfunn ved strategi, 2: Å styrke inkludering gjennom frivillige organisasjonar i nærmiljøet. Opparbeiding av friluftslivets ferdselsårer

bidreg til å leggje til rette for aktivitetar i nærmiljøet som styrkar sosiale relasjonar gjennom helsefremjande opplevingar.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional vedtek å etablere ei ny tilskotsordning *friluftslivets ferdsselsårer* ved å slå saman to eksisterande tilskotsordningar; tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområder og tilskot til skilting og merking av turløyper. I tillegg vert punktet *Dokumentasjon av turbruk ved å investere i teljepunkt* flytta frå tilskotsordninga lavterskel fysisk aktivitet for barn og unge, inkludert i denne nye ordninga.
2. Retningslinjer for den nye tilskotsordninga *friluftslivets ferdsselsårer* vert vedtekne.

Ingrid Kristine Holm Svendsen
kst. fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.11.2018

Retningslinjer for tilskotsordninga friluftslivets ferdselsårer

Kven kan søkje:

Kommunar og frivillige organisasjonar. Det blir ikkje gjeve tilskot til fortenebaserte verksemdar.

Kva kan ein få støtte til:

Prosjekt som gjer dei aktive vala enkle for barn og ungdom i lokalmiljøa gjennom fremje planlegging, opparbeiding, skilting og merking av samanhengande nettverk av turstiar i kommunane. Tiltak der målgruppa har medverka blir prioritert. Vi oppmodar kommunar og organisasjonar til å samarbeide. Det blir ikkje løyvd tilskot til anlegg som kan søke spelemidlar eller til drift.

Prioriterte prosjekt:

- Registrering av data inn i nasjonal database for tur- og friluftsruter (rettikartet.no)
- Utarbeiding av ein heilskapleg kommunal plan for friluftslivets ferdselsårer, i samsvar med rettleiar frå Miljødirektoratet
- Dokumentasjon av ferdsel på turveg, sti- og løypetrasear (turteljarar)
- Merking og gradering av eksisterande ferdselsårer (turvegar, turstiar og turløyper) og/eller turkort

Fylkeskommunalt tilskot kan ikkje vere høgare enn 50% av dei totale ressursane for prosjektet. Dugnad kan reknast som eigenfinansiering (inntil 300 kroner per time).

Føremål med ordninga:

Målet er at den enklaste form for friluftsliv, vandring i naturområder skal bli lett tilgjengeleg og attraktivt for alle.

Følgjande vilkår må vere oppfylt for at tilskot skal kunne tildelast:

- Må følgje den nasjonale rettleiar for friluftslivets ferdselsårer frå Miljødirektoratet (som vert ferdigstilt på ny året 2019).
- Det kan ikkje søkast om tilskot til anlegg og ordinær drift av anlegg
- Tilskot til tiltaket kan ikkje overstige 50 % av den totale kostnaden.
- Tiltaket skal slutførast innan 1,5 år etter motteke tilsagnsbrev.

Tildeling av tilskot til søknadar som fyller grunnvilkåra blir vurdert med utgangspunkt i formålet med ordninga, der det mellom anna blir lagt vekt på følgjande moment:

- I kva grad det har vore medverknad frå målgruppa i utvikling og gjennomføringa av tiltaket.
- I kva grad det er samarbeid med andre aktørar (kommunar og organisasjonar).
- I kva grad bygger tiltaket ny kompetanse og om det har overføringsverdi.

Kultur- og idrettsavdelinga førebur søknadane for politisk handsaming og vedtak i Utval for kultur, idrett og regional utvikling. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunnjevast i saksframlegget. Vedtak som fråvik frå fylkesrådmannen si innstilling skal også grunnjevast. Utvalet har møte ei gong i månaden.

Søknaden skal innehalde tilstrekkeleg informasjon/dokumentasjon til at vedtak kan gjerast.

Søknaden skal fremjast på elektronisk søknadsskjema og m.a. innehalde: Dokumentasjon som kort gjer greie for målet for tiltaket, korleis arbeidet er planlagt gjennomført, kven som er involvert, framdriftsplan og ei skildring av korleis tiltaket skal vidareførast etter tilskotsperioden. Finansieringsplan/budsjett for tiltaket. Om tiltaket er støtta/søkt om frå andre fylkeskommunale/statlege tilskotsordningar, skal dette informerast om i søknaden. Mangelfull søknad vert ikkje handsama.

Statusrapport skal sendast Hordaland fylkeskommune innan 15. januar påfølgjande år. Den skal innehalde:

- Ei kort skildring av status i arbeidet og ev. justeringar i planen for tiltaket.

Sluttrapport skal sendast Hordaland fylkeskommune innan 1. desember, 1,5 år etter tilsegn. Den skal innehalde:

- Ei kort skildring av gjennomførte tiltak og ev. avvik frå planen for tiltaket.

- Regnskap m/oversikt over kostnader og finansiering.

Ev. dokumentasjon i form av foto, link til nettside, avisutklipp e.l. Hordaland fylkeskommune og fylkeskommunen sin revisor skal ha rett til innsyn i rekneskap og dokumentasjon i slik grad som fylkeskommunen og revisor finn naudsynt av kontrollomsyn. Administrasjonen kan gje utsetjing frå kravet om frist for innlevering av sluttrapport ved særlege høve. Brot på krava til rapportering/kontroll kan føre til at tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

Om tiltaket ikkje vert gjennomført skal midlane førast attende til fylkeskommunen. Vesentlege avvik frå prosjektsøknaden kan føre til tilsegn vert gjort om heilt eller delvis.

Part eller andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar mottok melding om vedtaket. Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast, og sendast til Hordaland fylkeskommune, Postboks 7900, 5020 Bergen eller hfk@hfk.no.

Vi gjer merksam på at søkjarar etter Forvaltningslova har rett til å gjere seg kjend med dokumenta i saka med dei avgrensingane som følgjer av §§ 18 og 19.